

Seljord Næringslag  
Brøløsvegen 57  
3840 Seljord

Seljord kommune  
v/rådmann Rikke Raknes  
Brøløsvegen 13  
3840 Seljord

Seljord 11.11.22

### INNSPEL NÅR DET GJELD BARNEHAGEDEKNING I SELJORD KOMMUNE

Vi har fått urovekkande opplysningar om at det har blitt fullt i barnehagen og at det ikkje er vilje i kommuneadministrasjonen for å legge til rette for nye plassar.

Seljord har hatt ein negativ trend med utflytting og problem med å få unge folk til å busette seg i ein årrekke. Manglande mogleghet til å få pass av borna sine får store konsekvensar for folk som ynskjer å busetta seg i Seljord og me syns ikkje det er et foreinleg med den planen me har for bustads- og næringsutviklinga i bygda.

Seljord Næringslag har gått inn i bygdeutviklarprosjektet med ein stor del av våre midlar og må no vurdere om me ynskjer å fortsette å støtte prosjektet dersom kommunen ikkje er villig til å gjera noko med denne utfordringa.

Ein av fordelane me tidlegare har hatt i Seljord, er at det har vore enkelt å få seg barnehageplass, dette meiner me er ein hygienefaktor i ein kommune. Seljord næringslag er nå bekymra for omdømmet til Seljord, me håpar at administrasjonen kan vurdere dette på nytt og gjera tiltak, eller at den politiske leiinga kan sette dette på dagsorden.

Mvh  
Hilde Hagen-Nielsen  
Leiar  
Seljord Næringslag



Seljord Næringslag